

**MØTEBOK HALLINGTINGET**
**TID: 24. - 25. oktober 2024**
**STAD: Vestlia Resort, Geilo**
**Desse møtte på Hallingtinget:**

|                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                  |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b><u>Hol kommune</u></b><br>Sigrid Simensen Ilsøy<br>Sissel Hovland<br>Guri T. Slettemoen<br>Hanne Haatuft<br>Henning Solhaug      | <b><u>Hemsedal kommune</u></b><br>Pål Terje Rørby<br>Janne Merete Brøndbo (dag 1)<br>Hege E. Falck- Andersen<br>Inge Berthram Wahl<br>Camilla Underland (dag 1)<br>Ingar Nergård |
| <b><u>Ål kommune</u></b><br>Solveig Vestenfor<br>Jørund Li<br>Dagfinn Bøygard<br>Torhild Helling Bergaplass<br>Ola Terje Oleivsgard | <b><u>Nesbyen kommune</u></b><br>Anne Kari Eriksen<br>Kristian Noreng<br>Geir Olav Garthus<br>Anne Marie Kollhus<br>Endre Storhaug                                               |
| <b><u>Gol kommune</u></b><br>Heidi Granli<br>Tom Rune S Blakkestad<br>Leif Norhaug<br>Jan Kattenberg<br>Kristin Bakke Haugen        | <b><u>Flå kommune</u></b><br>Merete Høntorp Gandrud<br>Tor Egil Buøen<br>Karen Johanne Gulsvik<br>Kristin Gullingsrud<br>Steinar Andre Steinarsson                               |

**Frå Kommunedirektørutvalet møtte:**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune, Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk Gol kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune, Bjarte Reve, Hemsedal kommune, Bente Rudrud Herdlevær, Nesbyen kommune

**Administrasjon Regionrådet**

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Jorun Utne, Regionalutviklar, Maria Grevsgård, Sats på Hallingdal, Guro Flatland Veslehaug, Klimakoordinator

**Frå Viken møtte:**

Iselin Haugo Stavn (H)  
Hilde Aarø (adm)

## SAK 8/24 STATUS PÅ DET REGIONALE SAMARBEIDET – MED FOKUS PÅ SAMARBEID

Hallingtinget drøfta spørsmåla i Distriktssenteret sin samarbeidstest for å få ein peikepinn på korleis det står til med det regionale samarbeidet. Ein skulle og sette ein score på spørsmåla med score 1 om ein er heilt ueinig, 2 er i stor grad ueinig osv. opp til score 6 som er heilt einig. Her er spørsmåla som vart drøfta:

1. Det regionale samarbeid er prega av god tillit mellom dei sentrale aktørane
2. Leiarane i Hallingdal har evne og vilje til å utnytte potensialet i hele regionen
3. Det regionale samarbeidet er godt nok forankra
4. Me er alle einige om dei felles utfordringane som ligg til grunn for samarbeidet
5. Partane i samarbeidet har same målforståing
6. Alle dei viktige aktørane er med i det regionale samarbeidet
7. Det regionale samarbeidet har lukkast med å få fram nytten for næringslivet
8. Me er dyktige på å følge opp regionale planar
9. I samarbeidet er me gode til raskt å utnytte dei moglegheitene som dukkar opp
10. Vårt regionale samarbeid er driven av begeistring og entusiasme

Her er svar pr. gruppe og totalscore

|          | 1    | 2   | 3    | 4   | 5   | 6   | 7   | 8    | 9   | 10  | totalt |
|----------|------|-----|------|-----|-----|-----|-----|------|-----|-----|--------|
| Hol      | 4,5  | 4   | 5    | 3   | 5   | 5   | 4   | 5    | 6   | 5   | 46,5   |
| Ål       | 4    | 5   | 5    | 4   | 5   | 6   | 4   | 4    | 6   | 5   | 48     |
| Gol      | 4    | 4   | 5    | 5   | 4   | 6   | 4   | 5    | 5   | 4   | 46     |
| Hemsedal | 4    | 4   | 5    | 5   | 4   | 3   | 4   | 3    | 5   | 4   | 41     |
| Nesbyen  | 3    | 2   | 4    | 3   | 2   | 5   | 3   | 2    | 5   | 2   | 31     |
| Flå      | 6    | 3   | 3,5  | 6   | 3   | 6   | 5   | 3,5  | 4   | 3   | 43     |
| tot      | 25,5 | 22  | 27,5 | 26  | 23  | 31  | 24  | 22,5 | 31  | 23  | 255,5  |
| Snitt    | 4,3  | 3,7 | 4,6  | 4,3 | 3,8 | 5,2 | 4,0 | 3,8  | 5,2 | 3,8 | 42,6   |

Det er umogeleg å slå fast korleis det regionale samarbeidet er ut frå dette, men gir nokre tendensar og eit grunnlag som kan jobbast vidare med.

## SAK 9/24 RULLERING AV «STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL»

### Vedtak:

1. Hallingtinget vedtek at Strategisk Plan for Hallingdal endrar namn til Regionplan for Hallingdal
2. Hallingtinget vedtek Regionplan for Hallingdal med dei endringane som kom fram i møte. Sjå vedlegg.

**SAK 10/24    ÅRSBUDSJETT FOR 2025 OG ØKONOMIPLAN 2025-2028****Vedtak:**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek følgande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
  - a. driftsbudsjettet 2025 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 2 970 000
  - b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000Totalt er det framlegg om kommunal finansiering på kr. 3 870 000 som er ein reduksjon, totalt sett for kommunane med 1,1%
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 637 493 for 2025 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2026.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 315.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 315.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2025 – 2028.

**SAK 11/24    ÅRSBUDSJETT FOR HALLINGDAL ETABLERERTENESTE****Vedtak:**

Hallingtinget rår kommunane til å vedta driftsbudsjett for Hallingdal etablerersenter for 2025, med ei kommunal finansiering på kr. 1083 000. Fordeling kommunane imellom ligg i saka.

**SAK 12/24    KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL****Vedtak:**

1. Hallingtinget vedtar overordna mål og hovudmål i regional plan for klima, natur og klimatilpassing. Tekstdelen blir tatt til orientering.
2. Planen skal vidare til kommunane for endeleg behandling.

**SAK 13/24    REGIONALT POLITIRÅD**

Brit Fyksen og Øyvind Aas frå Sør Øst politidistrikt og Ole Reidar Lågrinn, SLT, presenterte prioriterte satsingsområde innanfor ungdomskriminalitet og vald i nære relasjonar. Målet med samarbeidet mellom politi og kommunane er å førebygge kriminalitet, men også lage grunnlag for- og fortsette god samhandling når det gjeld redning, beredskap og generell tryggleik i lokalsamfunna.

**Vedtak:**

1. Hallingtinget vidarefører samarbeidsavtala for politiråd. Sjå vedlegg.
2. Hallingtinget ber kommunedirektørutvalet vurdere om den samla innsatsen som kommunar og andre aktørar gjer for ungdom med rusproblematikk og psykiske helseutfordringar er godt nok ivare tatt.

**SAK 14/24 ORIENTERING OM LVK.**

Jon Rolf Næss leiar i LVK orienterte. Sjå vedlegg

**SAK 15/24 HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL I BUSKERUD**

Buskerud fylkeskommune ved avdeling for samferdsel og mobilitet gjesta Hallingtinget.

Leiar av hovudutval for samferdsel Christopher Amundsen Wand.

Fylkesdirektør Gro Ryghseter Solberg.

Seksjonsleiar Anne Line Berglia.

Seksjonsleiar Kristine Utengen.

Seksjonsleiar Bjørn Ragnvald Nyhus.

Seksjonsleiar Inger Marie Holst.

Seniorrådgivar Bernt Iversen.

Hovudtema var handlingsprogram for samferdsel som fylkeskommunen jobbar med i desse dagar. Dette vart delt opp slik:

- Regionrådsleiar innleia med å snakke om kva som er regionens største utfordring og viktigaste prioritering på overordna nivå innan samferdsel
- Investeringsprosjekt - prioriteringar innanfor kommuneregionen
- Vedlikehald på fylkesvegane – orientering om etterslep, regionrådet kunne koma med vurderingar i eigen regionen om situasjonen på fylkesvegnettet
- Kollektivtrafikk – avgrensa til ny prisstruktur.

Det var ikkje fatta vedtak med konkludert med følgande.

- Kommunar og Regionråd kan fortsatt koma med innspel til handlingsplanen (det er berre Hol og Gol som har kome med innspel så langt
- Det blir jobba med ei sak om å forlenge innkrevinga på bommen Sokna-Ørgenvika, slik at denne kan bidra til finansiering av Vegpakke Hallingdal. Det kjem ei sak til kommunestyret i alle kommunar i november/desember

Hallingdal, 10. nov 2024  
for rådsordførar

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar